

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Attn: Kristine Naas (krn@nve.no)
Konsesjonsavdelinga, seksjon for småkraftverk
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

NVE Sak 200904052 Konsesjonssøknad Gjerdøla Kraftverk - Tilsvar til innkomne høyringsuttalar

Vi viser til NVE's høyringsbrev av 17. januar 2013, med høyringsfrist 15. mai, og 9 innkomne brev presentert på <http://www.nve.no/no/allekonsesjoner/?soknad=5812&stadium=&type=11>. Våre merknadar er:

Tinn kommune

Generelt er kommunane vurdert som ein av dei viktigaste høyringsinstansane. Tiltakshavar noterer seg at formannskapet si instilling blei vedteken med 26 mot 3 stemmer.

Nettopp som kommunen påpekar, er konsekvensen for landskap og bekkekløftlokalitetar av vesentleg mindre verdi oppstraums Libru, og det er difor kraftstasjonen er plassert der ihht. alternativ 1, og at alternativ 2 og 3 med kraftstasjonen ned i juvet har vi forkasta.

Fylkesmannen i Telemark:

Embetet påpekar i «Samlet vurdering» at det er behov for meir samla vurdering ifht. tema landskap og turisme. Tiltakshavarane vil til dette understreke at røyrgatetraséen til Gjerdøla ligg i eit område med hogstmoden skog, hogstklasse 5, som ihht. skogbruksplanen bør avverkast i desse tider.

Området det er søkt utbygging i har aldri vore noko utprega turområde, og det er ingen planlagte turist-relaterte utbyggingar eller aktivitetar i området.

Embetet påpekar behov for ytterlegare kartlegging av bekkekløfter. Utover vår eigen biorapport har firmaet Prevista kartlagt vassdraget. Vår vurdering er at kunnskapsgrunnlaget er dekkande. For å redusere omfanget av prosjektet, har vi valgt å plassere kraftstasjonen oppstraums Libru – nettopp slik som Tinn kommunestyre legg til grunn for å kunne tilrå ei utbygging.

Minstevassføring er eit viktig tema, og vi vil til sluttbefaringa primo september ta med det samla datagrunnlaget av timesbaserte vasstandar (vassføring) målt lokalt i Gjerdøla for å gje NVE eit best mogleg grunnlag for å fastsette nivået på det avbøtande tiltaket, minstevassføring.

Telemarks Fylkeskommune

Det ingen kjente nyare eller eldre kulturminner i røyrgatetraséen, på stasjonstomt eller ved damfestet. Tiltakshavar er vel kjent med KML, «Meldeplikt» og «Undersøkelsesplikt» osv. I ein evt. detalj-planleggingsfase vil dette bli følgt opp.

Fylkeskommunen skal med det første få tilsendt kartfiler i SOSI/SHP-format for det omsøkte tiltaket.

Aust-Telemark Vassområde

Høyringsinstansen har ingen særskilte merknadar til Gjerdøla.

Forum for natur og friluftsliv Telemark

Organisasjonen har ikkje nemnt Gjerdøla spesielt, og vi vil berre nemne at vår plassering av kraftstasjonen ved Libru har medverka til at verdifulle bekkekløfter og fossesprøytoner er spart.

Andreas Spak

Fossen nedstraums kraftstasjonen/skogsbilvegen i Gjerdøla er av klatremiljøet sjølv ikkje vurdert som attraktiv, derimot så er nabofossen Lifoss, like vest for prosjektet vårt bruka som klatrefoss fordi den ligg i solskygge.

Gjerdøla er frå naturen si side ikkje eigna til kanopadling. Vassdraget nedom brufossen, samløpet av Nysetdøla og Gjerdøla, Gjøyst, blir derimot nytta til kanopadling. Prosjektet vårt påverkar ikkje denne aktiviteten.


Skagerak Nett AS

Uttalen frå SN er ei kjent problemstilling for tiltakshavar, og dette er berre eit teknisk spørsmål som ein løyser ved auka anleggsbidrag for ny/utvida linje/trafokapasitet. Områdekonsesjonæren Tinn Energi er vel kjent med våre planar, og avventar revisjon/modernisering av 22-linja i bygda Gjøystdal inntil konsesjonsøknaden for Gjerdøla er ferdig sakshandsama.

Direktoratet for mineralforvaltning

Vi tar høyringsuttalen til etterretning.

Med venleg helsing
for Gjerdøla Kraftverk SUS



Jon Ålykkja

Bjørn Halvard Gvammen



for Ole Wormdal, Olav Skeie
M. 90 15 11 50